
Saksnr: 2021/15792-1
Saksbehandlar Charlotte Espeland
Dato: 19.03.2021

Til: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering Per Morten Ekerhovd

Frå: Setteseksjonsjef Ronny B. Skaar

Programmet for Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2021-2022

Innleiing

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gjorde 4. juni 2020 slikt vedtak i sak 2020/304-4 *Organisering av arbeidet med Den kulturelle skulesekken*:

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til framlegget til organisering av arbeidet med programmet for DKS, slik det er skissert i saka.
2. Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering får fullmakt til å fatte vedtak om DKS-programmet etter tilrådingar frå faggrupper innan kvart av dei seks uttrykka i DKS.

Programmet for Den kulturelle skulesekken for skuleåret 2021-2022 vært på bakgrunn av dette lagt fram for fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering som fattar endeleg vedtak i saka.

Prosedyrar for arbeidet med DKS

Vestland fylkeskommune har vedtatt prosedyrar for arbeidet med DKS. Prosedyrane er fundert på forvaltningsetiske prinsipp og sikrar ei god kvalitetsvurdering av produksjonane og transparente prosessar der alle utøvarar har likt høve til å fremme forslag til programmet.

- Berre produksjonar som er meldt inn via den nasjonale DKS-portalen innan 1. oktober vert vurdert for programmet.
- Alle produksjonar vert fagleg vurderte av faggrupper med eksterne og interne fagpersonar. Faggruppene tilrår produksjonar som kan inngå i programmet. Tilrådingane frå faggruppene er utgangspunkt for vidare arbeid med DKS-programmet.
- Eit ungdomsprogramråd vel tre av dei tilrådde produksjonane, to til programmet i vidaregåande skule og ein til programmet til ungdomssteget i grunnskulen.
- Seksjon for kulturformidling set saman DKS-programmet til grunnskulen og vidaregåande skule med utgangspunkt i tilrådingar frå faggruppene, nasjonale føringar og kriterium som er vedtatt av Vestland fylkeskommune.

Skuleåret 2021-2021

1224 produksjonar var meldt inn til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program for skuleåret 2021-2022 via den nasjonale DKS-portalen. Alle produksjonane vart vurderte av faggrupper:

- Faggruppe musikk: Universitet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, VLFK.
- Faggruppe scenekunst: Assitej Norge, Bergen dansesenter, Proscen (Produsentenhet for scenekunst), VLFK.
- Faggruppe film: Vestnorsk filmsenter, Møre og Romsdal fylkeskommune ved ansvarleg for film i DKS, VLFK.
- Faggruppe litteratur: Norsk forfattersentrum Vestlandet, Svidal Skriveri, VLFK.
- Faggruppe kulturarv: Hordaland museumslag, VLFK. *Musea i Sogn og Fjordane gjekk ut av faggruppa grunna ugildskap.*

- Faggruppe visuell kunst: Visp (Produksjonsenhet for visuell kunst), Musea i Sogn og Fjordane, VLFK. *Hordaland kunstsenter gjekk ut av faggruppa grunne ugildskap.*

Av dei 1224 produksjonane som var meldt inn til programmet for skuleåret 2021-2022 vart 496 tilrådde av faggruppene. Av desse vart tre produksjonar vald inn i programmet av Vestland ungdomsutval, som utgjorde eit ungdomsprogramråd. Dei tilrådde produksjonane var utgangspunkt for vidare arbeid med framlegg til DKS-program.

Kriterium for utval

I statlege føringsdokument er det formulert føringar for tildelinga av spelemidlar, og mål og prinsipp for DKS-ordninga. Vestland fylkeskommune har i tillegg vedtatt kriterium som definerer regionale prinsipp for DKS.

Følgjande kriterium ligg til grunn for utvalet av produksjonar i Vestland fylkeskommune sitt DKS-program:

- Kvar produksjon i programmet skal ha kvalitet og profesjonalitet i innhald og formidling.
- Programmet skal som hovudregel gjennomførast i skuletida.
- Programmet skal ikkje erstatte delar av skulen si undervisning i estetiske fag.
- Programmet skal ha variasjon i uttrykk og sjangrar, spelestad og formidlingsmåte. I det samla programmet skal det også vere produksjonar på tvers av uttrykk. Nyskapande kunst skal prioriterast.
- Programmet skal ha særleg vekt på regionale og lokale utøvarar.
- Programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
- Programmet skal ivareta minoritetar og leggje til rette for inkludering.
- Programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og ulike målføre.
- I det samla programmet skal det vere god balanse mellom produksjonar av/med frilansutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
- På scenekunstheltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og frilansutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30 prosent av volumet i høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule dersom det er grunnlag for det.

Modell for fordeling

Jamfør nasjonale føringsdokument skal elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring møte både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, kulturarv og litteratur av høg kvalitet i DKS. Dei kulturelle møta skal skje både på skulen og på større formidlingsarenaer, og det skal vere variasjon i formidlingsmåtane. På bakgrunn av dette har Vestland fylkeskommune utvikla følgjande modell for fordeling av produksjonar i DKS-programmet:

- Prioriterte uttrykk til 1.-4. steg: musikk og litteratur.
- Prioriterte uttrykk til 5.-7. steg: musikk, scenekunst og visuell kunst.
- Prioriterte uttrykk til 8.-10. steg: litteratur og film.
- Prioriterte uttrykk til vgs.: Alle uttrykk.
- Forslag innan kulturarv får plass i ulike deler av programmet.

På grunn av korona-pandemien vart ikkje DKS-programmet for skuleåret 2020-2021 gjennomført etter intensjonane. Mange turnéar vart gjennomført for færre elevar enn det som var planlagt, andre turnéar vart avlyst. Nokre produksjonar vart flytta til skuleåret 2021-2022, anten fordi utøvarane var busette utanfor Noreg, eller fordi produksjonane ikkje kunne gjennomførast på ein tilfredsstillande måte med små elevgrupper. Dette betyr at DKS-programmet for skuleåret 2021-2022 omfattar både produksjonar som var meldt inn til programmet for dette skuleåret, og nokre få produksjonar som vart overført frå skuleåret 2020-2021.

Med utgangspunkt i statlege føringsdokument, fylkeskommunale vedtak og modell for fordeling av produksjonar, omfattar framlegg til Vestland fylkeskommune sitt DKS-program for komande skuleår **83** produksjonar fordelt på dei seks uttrykka i DKS. Av desse er **6** produksjonar overført frå skuleåret 2020-2021.

Etter gjennomgang i faggruppene og administrativ handsaming er produksjonane delt inn i tre grupper:

Gruppe 1 - produksjonar innstilt til DKS-programmet for skuleåret 2021-2022.

Gruppe 2 - produksjonar som ikkje er innstilte til programmet men tilrådde av faggruppene. Denne gruppa utgjør eit tilfang for produksjonar til erstatning eller utviding ved behov. Dette vil bli ein nærare vurdering med eige vedtak.

Gruppe 3 - produksjonar som får avslag etter vurdering i faggruppene.

Vedtak:

1. Følgjande produksjonar (Gruppe 1) vert teke inn i Vestland fylkeskommune sitt DKS-program for skuleåret 2021-2022:

Tittel	Utøvar/ gruppe/ institusjon	Uttrykk	Lokal	Institusjon (lokal)	Overført frå 20/21
1.-4. steg					
V for vennskap	Nina Elisabeth Grøntvedt	Litteratur			
Bo flyttar ut/visuell historiefortelling	Trude Tjensvold	– □ –			
Det runde problemet	Vegard Markhus	– □ –	X		
Inn i munnen	Malin Hellebø	– □ –			
Pi og Peder, et tegnese Rieeventyr	Bjørn Ousland	– □ –			
Dingle som en kringle	Karin Moe Hennie	– □ –			
Katten og havet	Bjørn Arild Ersland	– □ –			
S.O.S. Blomstereng	Ingvild Haga	– □ –			
To menn og en tavle	Svein Nyhus	– □ –			
Under ein stein 2. Om små dyr for små folk	Inger Lise Belsvik	– □ –			
Besta og Bo + Klassen = Ei ny forteljing	Anna R. Folkestad	– □ –	X		
Lurivar og det hemmelege skrinet	Nynorsk kultursentrum, Gaute Øvereng	– □ –	X	X	
Hus i hodet	Morten Kildevæld Larsen	Visuell kunst			X
Ei reise til steinalderen	Morten Kutschera	Kulturarv	X		
1.-4. steg/ 1.-7. steg					
ALO	Olga Solyanik	Musikk	X		
Róhta - Norden for 1000 år siden	Espen Wensaas	– □ –			
Luisón & Cuba	Luisón Capote	– □ –	X		X
Tres Músicos	Jose Alejandro Huidobro Goya	– □ –	X		
Stjerneteller	Christine Sandtorv	– □ –	X		
Superiopera	Hildegunn Hovde	– □ –	X		X
Bach goes hip hop	Ole Petter B. H. Knarvik	– □ –	X		
Konrad Kråkebolle	Knut Lothe	– □ –	X		
Felefest, nyproduksjon	Øystein Knaus Fosshagen	– □ –	X		
Søvneksperthenens allsangkonsert	Ingvild Storhaug	– □ –			
I gamle hatter bor det mye latter	Hans Fredrik Jacobsen	– □ –			
Syng, og få svar!!	Arle Hjelmeland	– □ –	X		
5.-7. steg					
Kalligrafi	Bas Vlam	Visuell kunst	X		
Elektrisk tegning	Oda Bremnes og Skade Henriksen Svennevig	– □ –	X		
Levende tegninger	Thor Merlin Lervik og Katarina Caspersen	– □ –			
Over streken	Geir Moen	– □ –	X		
Godteriskulpturverkstedet	Vilde Blom	– □ –			

Installasjonskunst som øyeåpner	Gidsken Braadlie	– □ –			
Kinetiske skulpturer	Britta Lya Damian	– □ –	x		
Tegn serier!	Tore Strand Olsen	– □ –			
Gjenoppdag	Hordaland Kunstsenter	– □ –	x	x	
Harry Påtter (med Å)	Madam Pysj	Scenekunst			
Ønskedrøm	Det Andre Teateret	– □ –			
Labyrint Tilrettelagt	Jens Trinidad	– □ –			
Askeladden	Absence Crew	– □ –	x		x
Yana and the Yeti	Pickled Image	– □ –			x
But Then, We'll Disappear (I'd Prefer Not To)	Carte Blanche	– □ –	x	x	
Dans-selv workshop-hiphop Stephanie M Mowinckel	Stephanie Mowinckel	– □ –	x		
Kulturarv gjennom planter	Maria Dahl og Bendik Vatne	Kulturarv	x		
Fortida gjennom fotografiet	Hedvig Biong / Pablo Castilla	– □ –			
Berg og båre	Kamilla Sajetz Mathisen	– □ –	x		
8.-10. steg					
Bortebane	Line Hatland	Film			
Lag din egen musikkvideo!	Merethe Offerdal Tveit	– □ –	x		
Stumfilmkonserten	Kristin Bolstad & Kjetil Schjander Luhr	– □ –			
"Greta"	Tor Fosse	– □ –	x		
En kortfilm som utfordrer fordommer	Even Hafnor	– □ –			
Filmfortelling	Tommy Næss	Film	x		
Sjuende på ekte	Anne Silje Bø og Sunniva Sundby	– □ –			
Badboy: Steroid	Annette Münch	Litteratur			
Eg har venta på deg	Atle Hansen	– □ –	x		
Håp eller katastrofe	Sigbjørn Mostue	– □ –			
Pest og plage	Anders Totland	– □ –	x		
Enn hvis? Å øve seg på valg gjennom litteratur	Michael Stilson	– □ –			
Ett ord - bilder i kampen mot særskrivingsfeil	André Ulveseter	– □ –			
Skrivekurs for ungdom	Tor Arve Røssland	– □ –	x		
Livet i Espeland fangeleir Ungdommens val	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset.	Kulturarv	x	x	
Med Restauration gjennom Hell Gate til Det Lova Landet	Anne Elisebeth Skogen	– □ –			
Tidskapselen	Musea i Sogn og Fjordane	– □ –	x	x	
Mytologisk quiz	Ida Johannesen	– □ –			
1.-10. steg					
Møtepunkt himmel og jord	Vestland fylkeskommune	Kulturarv			x
Vgs					
Frida Ånnevik	Frida Ånnevik	Musikk			
Stor overraskelse	Per Olav Hoff Mydske og Julian Sommerfelt	– □ –			

Fargespill	Fargespill og Det Norske kanmerorkester	– □ –	X		
BRAZZ	The Brazz Brothers	– □ –			
Miss Tati	Miss Tati	– □ –	X		
Storm Weather Shanty Choir	Storm Weather Shanty Choir	– □ –	X		
Limbo - where stereotypes...	Tabanka Dance Ensemble	Scenekunst			
Det sorte gullet	Arild Brakstad	– □ –	X		
Nordic noir grøss	Teater Vestland	– □ –	X	X	
Telavåg	Det Vestnorske Teateret	– □ –	X	X	
Område 51	Morten Qvenild, Frode Grytten med fleire	Litteratur	X		
Ein kamp mot vindmøller	Anders Totland	– □ –	X		
Drapene i Baneheia Ungdommens val	Bjørn Olav Jahr	– □ –			
Mine briljante venninner	Marit Eikemo	– □ –	X		
Dropout Ungdommens val	Annette Münch	– □ –			
Et blikk på hverandre	Gisle Haaland & Thomas Winje Øijord	Visuell kunst			
To my children	Shwan Dler Garadaki	– □ –			
Filmhjelp yrkesfag	Andreas Altermark, Geir Magne Pedersen og Christine Marie Hjelén Strøm	Film			
Lokal BIFF 2021	BIFF	– □ –	X	X	

2. Produksjonane i Gruppe 2 (vedlagt) får avslag, men ettersom dei er godkjende av faggruppene skal produksjonar hentast frå denne gruppa ved behov for erstatning eller utviding av programmet. Fylkesdirektør fattar nærare vedtak om dette ved behov.
3. Produksjonane i Gruppe 3 (vedlagt) får avslag.